

NVE Konesjonsavdelinga
Høring sendt via www.nve.no/vannkraft

Høyringsuttale frå Forum for Naturvern og Friluftsliv (FNF) i Hordaland på søknaden om bygging av ny 66 kV kraftledning mellom Rullestad og Blåfalli III i Etne og Kvinnherad kommunar, Hordaland fylke.

Innleiing

Forum for Naturvern og Friluftsliv (FNF) Hordaland, som er ei samanslutning mellom Naturvernforbundet Hordaland, Bergen Turlag og Jeger og Fisk i Hordaland, viser til brev frå NVE av 21. september 2011 med søknad om bygging av 66 kV kraftline Rullestad-Tøsse i tilknytning til utbygging av Rullestadvassdraget i Etne. Vi viser til høyringsuttale om Rullestad-utbygginga frå Naturvernforbundet sentralt og til brev frå Samarbeidsrådet for naturvernsaker (SRN) av 6. februar 2009 og til vårt tidlegare engasjement i saka, som blant anna omfatta deltaking på folkemøtet på Rullestad 23. november 2011, der NVE og SKL orienterte om saka. Naturvernforbundet sentralt har prioritert Dalelva som eit av seks nye vassdrag som FNF Hordaland vil arbeida for å få inn på den nasjonale verneplanen for vassdrag.

Naturvernforbundet Hordaland har tidlegare (2008) gått mot bygging av 66 kV-kraftlina Tøsse-Brandvik, som seinare har fått konsesjon, ut frå omsynet til naturverdiane i Eikemo-området.

Generelt.

FNF Hordaland viser til innstillinga frå rådmannen i Etne kommune (vedlagt), der det blir lagt vekt på omsynet til Naturmangfaldlova (NML) ut frå ei samla vurdering for heile området; Åkrafjorden, Fjæra, Rullestad og opp til Vintertun (Bergstø og Vassvik). FNF Hordaland er einig i vurderingane frå rådmannen av omfanget av framtidige vasskraftprosjekt i Åkrafjordområdet, og SKL sine ulike alternativ for linjeløysingar, som er basert på vedtekne kraftutbyggingar i heile området. Skal Naturmangfaldlova ha noko mening, er det nettopp slike samla vurderingar som lova blei vedteken å ivareta (sml. kravet om kunnskapsbasert forvaltning i §8 i NML).

Tøsse - Fjæra

FNF Hordaland viser til problemstillinga der den omsøkte 66 KV-linja kryssar Folgefonna Nasjonalpark ved Mosnes. Etter synfaring med DN den 26.11.10, har SKL bede DN om, i brev av 29.11.10, at klagen på Fylkesmannens avslag blir utsett til vasskraftanlegg og overføringsanlegg blir samla vurdert gjennom felles konsesjonsbehandling. FNF Hordaland har heile tida meint at linjesøknaden burde ha vore vurdert etter at alle vasskraftsøknadene var ferdig behandla, slik at ein ville kunna sett om det var naudsynt med denne oppgraderinga til 66 KV. FNF Hordaland støttar seg til at DN behandlar dette trasevalget etter verneforskrifta av 29. april 2005 og kjem til eit resultat som er i samsvar med denne.

Fjæra – Rullestad.

FNF Hordaland meiner all energioverføring mellom Fjæra og Rullestad medrekna. Håfoss må overførast i jordkabel. Landskapsrommet mellom Fjæra og Rullestad er så lite at ei 66 KV-linje vil bli svært synleg og dominerande i dalen. Ei ny 66KV-linje over åsen mellom Floto og Rullestad bør difor ikkje byggjast. Ei slik linjeføring vil også bli svært synleg i det sårbare landskapet ned mot Rullestadgardane. Jordkabellegging vil i denne samanhengen vera lett å utføra langs eksisterande veg. Det bør vurderast om ikkje eksisterande 22KV-kabel, som alt ligr langs vegen, kan brukast til energioverføring til eit eventuelt transformatoranlegg i Fjæra.

Bergen, 31.1.2012

Jan Bjørge
FNF Hordaland
og Bergen Turlag

Oddvar Skre
Naturvermforbundet
Hordaland

Alf Arne Lyse
Norges Jeger- og
Fiskeforbund Hordaland

Vedlegg

Innstillinga om Rullestad-utbygginga frå Etne kommune v/rådmannen